

BOKN BYGDEBLAD

NR. 4 - APRIL / MAI 1988 ÅRG. 3

VEIER PÅ BOKN I DÅRLEG FORFATNING

Det er ikkje berre i år folk klagar på veiene utover øya på Vestre Bokn. Fleire år kjem dette årvisst att.


Til slutt blir det mest lått og løye av det - så som at ein må ta ut gebisset når ein har passert Grønnestad-krossen, eller at ein må ta på nyrebelte.

Men folk har grunn til å klaga. Dei som bur utover øya må dagleg bruka dette "vaskebrettet", med dei ulempene dette medfører. Veier i nokolunde bra stand er noko folk reknar med som ein sjølsagt ting, og dette går då særleg utover dei som bur i utkanten og dagleg er avhengig av veien.

Ved vegkontoret i Haugesund opplyser vegmeister Tønnes Frøyland at dei har hatt ein oppsynsmann som nå har sett på vei-tilstanden på Bokn, og at det når blir kjørt grus på veien.

Oppsynsmannen seier til Bokn Bygdeblad at vedlikehaldsbudsjettet for fylkesveier er radikalt nedskore, slik at dei har knapt med midlar å hjelpa seg med. Dei må difor prioritera kor dei skal setja inn vedlikehald, og då har det lett for å gå ut over ein vei med lite trafikk slik som på Bokn.

Vegkontoret kan ikkje svara på kva tid det vert budsjettert midlar til oljegrusing av fylkesveien frå Grønnestadkrossen til Loden.



PROGRAM FOR 17.MAI 1988

- Kl.06.00 Morgonmusikk ved Bokn Brass.
" 09.15 Folketog.Oppstilling på plassen framfor Boknatun. Rute om krysset v/Hallvard Laupland til kyrkja.
" 10.00 Familiegudsteneste.
" 11.00-
12.00 Kapproing i Føresvik.
" 12.00 Samling på skulen.Skulekorpset spelar.Tale for dagen v/9-klasse elevar. Barnekoret syng. Sal og andre aktivitetar startar etter programmet.
" 13.30-
14.30 Leikar for barn og vaksne.
" 14.00 Bokn Brass spelar.
" 14.30 Presentasjon på scenen av "Bokn's nye Å-lag".
" 14.45-
15.15 Fotballkamp mellom Å-laget og Lilleputtlaget.
" 15.30 Avslutning av feiringa om dagen.

- Kl.20.00 FOLKEFEST PÅ BOKN SKULE.
Opning,presentasjon av kveldens festleiar.Song/musikkinnslag ved Jardar,Venevil og Oddrun.Tale for dagen v/Marit Løvvik (stortingsrepr.) Allsong.
ca.21.00 Matøkt.
ca.22.00 Bokn Blandakor.Allsong.Innslag med lokale krefter.Bokn Brass.
ca.23.00 Gammaldans.
kl.01.00 Slutt.

Ruter:


- M/F Bokn går vanleg søndagsrute.
Vanleg kyrkjebuss til familiegudstena om føremiddagen.(Avgongstidene 1 t tidlegare enn vanleg).
Ekstraskyss utover etter programmet om dagen.
Ekstraskyss frå Føresvik til Austre Bokn etter folkefesten kl.01.15.

VEL MØTT TIL EIN HYGGELEG NASJONALDAG!

Helsing 17.mai-komiteen 1988
(Skulestyret)

*Det syder saft bag birkens bark,
det dufter sødt fra kløvermark.
Hver fugl en liden vise har,
den synger, — tier — ber om svar;
en sælsom glans om jorden gaar —
aa, unge vaar!*

Vilhelm Krag



KONFIRMANTAR I BOKN

12.mai 1988.

Hans Rune Øvrebø
Mona Faye
Margareth Bokneberg
Margareth Are
Louis Medhaug
Per Egil Haram
Christian Ovidth
Bjarte Langhelle
Anita Kro
Rannveig Øvrebø
Terje Alvestad
Terje Jøsang
Trond Foss
Magne Øvrebø
Malin Taraldlien



**BOKN
TRYGDEKONTOR**

Bokn trygdekontor storbedrift i
kommunal målestokk.

I året 1987 er det utbetalt ialt:

Pensjonar til eldre og uføre	kr.7.139.000,-
Barnetrygd	" 1.333.000,-
Sjukepengar/attfør- ingspengar og dag- pengar under arbeids- løyse	" 1.072.000,-
Samla skattetrekk som er trukke	" 1.023.000,-

Forutan desse tal er det mange and-
re ting som vert ordna gjennom
trygdekontoret.

*Det spretter i lauv og det skyt i knupp
og blom vil bera.
Det vårar i alt, og eg vaknar upp
og med vil vera.*

Takk Bokn Barnekor for påskekonserten.

Takk Jardar, takk "englekor", takk
musikanter og teknikere for den
søndagsettermiddagen de gav oss.
Aldri har vel påskebodskapet lydd
på ein slik fin måte på Bokn før.

Med ein gong song og spela de dykk
inn i hjartene våre, og tok oss med
på ei ugløymeleg ferd gjennom pås-
kehendingane, og det heile kulmi-
nerte med jubelbruset over ein evig
påskedag.

Takk er så lite eit ord, og mange
gonger legg me ikkje så mykje i
det. Men tru meg, denne gongen ligg
djupe og varme kjensler bak takka
som blir sendt dykk. Me kan berre ana
kva arbeid som ligg bak ei slik opp-
setjing. Spesielt har nok du, Jardar,
teke mange harde tak. Du skal vita at
den løna du får frå Bokn kommune, er
etter mi meining, vel nytta pengar.

Sportsrevyen byrjar nå så eg vil
slutta av med å bruka turnkarak-
terane på konserten dykkar:

Innhald: 10,00.

Utføring: 10,00.

Helsing takksam tilhøyrar.

*Det andar imot meg frå fjell og fjord.
Av liv det huskar.*

*Det kvitrar og syng og knuppar og gror
i alle buskar.*

*Det vårar og vårar og ut meg driv
til fram at vandre.*

*Eg lyt ut, eg lyt ut og skapa liv
som alt det andre.*

A. O. Vinje

FOTBALLSESONGEN 1988

Guttelaget 2.div. gruppe E har følgende spilleplan:

DAG	DATO	TID	HJEMMELAG	BORTELAG	BANE
ONS	27/04	19.00	Haugar 2	Bokn	Haugebanen
LØR	14/05	15.30	Bokn	Sveio	Føresvik Stadion
TOR	19/05	19.00	Vedavåg	Bokn	Sævikdalen
TOR	26/05	19.00	Bokn	Torvastad 2	Føresvik Stadion
TOR	02/06	19.00	Skudenes	Bokn	Skudenes 1
TOR	09/06	19.00	Bokn	Kopervik 2	Føresvik Stadion
? SØN	12/06	13.00	Åkra 2	Bokn	Åkra 2
TOR	16/06	19.00	Bokn	Vard 2	Føresvik Stadion
TOR	23/06	19.00	Bokn	Haugar 2	Føresvik Stadion
TOR	18/08	19.00	Sveio	Bokn	Sveio Stadion
TOR	25/08	19.00	Bokn	Vedavåg	Føresvik Stadion
TOR	01/09	19.00	Torvastad 2	Bokn	Håland 2
TOR	08/09	18.30	Bokn	Skudenes	Føresvik Stadion
TOR	15/09	18.00	Kopervik 2	Bokn	Åsebøen 1
TOR	22/09	17.00	Bokn	Åkra 2	Føresvik Stadion
TOR	29/09	17.00	Vard 2	Bokn	Gymnasbane 1

Menn senior A 8.div. ovd. B har følgende spilleplan:

DAG	DATO	TID	HJEMMELAG	BORTELAG	BANE
LØR	30/04	15.00	Foren	Bokn	Kjellandsmyra
LØR	07/05	15.00	Bokn	Auglend	Føresvik Stadion
LØR	14/05	14.00	Stangeland	Bokn	Flomlysbanen
LØR	21/05	15.00	Bokn	Tjensvoll	Føresvik Stadion
LØR	28/05	15.00	Kvalaberg	Bokn	Kvalaberg
LØR	04/06	15.00	Bokn	Frøyer	Føresvik Stadion
LØR	11/06	15.00	Bokn	Utsira	Føresvik Stadion
LØR	18/06	15.00	Gosen	Bokn	Madla
LØR	25/06	15.00	Bokn	Soma	Føresvik Stadion
LØR	02/07	15.00	Bokn	Foren	Føresvik Stadion
LØR	06/08	15.00	Auglend	Bokn	Sif grusbane
LØR	13/08	15.00	Bokn	Stangeland	Føresvik Stadion
LØR	20/08	15.00	Tjensvoll	Bokn	Kjellandsmyra
LØR	27/08	15.00	Bokn	Kvalaberg	Føresvik Stadion
LØR	03/09	15.00	Frøyer	Bokn	Iglemyr 2
LØR	10/09	15.00	Utsira	Bokn	Utsira
LØR	17/09	15.00	Bokn	Gosen	Føresvik Stadion
4 LØR	24/09	15.00	Soma	Bokn	Flomlysbanen

PR-BROSJYRE OM BOKN

Det er nå trykt opp ein PR-brosjyre om Bokn i nokre tusen eksemplar.

Det er m.a. næringskonsulenten i Bokn, Stein Alendal som har hatt ansvaret for dette.

Brosjyren inneheld bilder og kart over kommunen og distriktet, og fortel m.a. om busetnad, næringsliv, servicetilbod og om mulighet for nyetablering for næringsliv. Det er meininga at brosjyren skal nyttast til marknadsføring av Bokn, særleg nå før fastlandssambandet blir etablert.

Brosjyren inneheld fine bilder frå Bokn pluss kart, og ein tekst som i korte trekk informerer om kommunen.


Det er nå viktig at brosjyren ikkje blir liggjande ubrukt på eit lager,

men blir brukt aktivt.

Dessverre er det ein del skrivefeil som bør rettast opp til eit eventuelt neste opplag.



ET RETT VAL FOR NÆRINGSETABLERING
OG BUSETNAD





Bokn Musikkule

P Å M E L D I N G T I L S K U L E Å R E T 88/89.

Skulen kan tilby desse aktivitetane:

- piano
- el.-orgel
- tverrfløyte
- gitar
- undervisning for messingblåsarar
- aspirantundervisning til skulekorpset med opplæring av trommeslagarar
- pop-gruppe
- barnekor
- blandakor
- solosang
- leikarring for både barn og ungdom/vaksne

KOMMENTARAR TIL NOKRE AV AKTIVITETANE:

Leikarring for både barn og ungdom/vaksne

Reidar og Ragna er på plass att frå hausten.No får også ungdom og vaksne dette tilbodet,og me håper det melder seg nok folk slik at dette kjem i gang.Det blir altså 2 leikarringar.

Aspirantundervisning til skulekorpset med opplæring av trommeslagarar

Dette er helst berre for dei som går i 3.klasse til hausten.Opplæringa går over 2 år.

I år tar me opp nye trommeslagarar,og dei som ynskjer trommeopplæring skal sette kryss i den aktuelle ruta.

Gitarundervisning

Gruppevis eller enkeltvis.Denne undervisninga er mest visebasert,dvs. akkordspeling til sang.Sjølvsagt kan de også lære å spele etter noter.

Pop-gruppe

Ei pop-gruppe tel ikkje mange medlemmar, og dei som melder seg på først får plassane. Her må også underteiknande og musikkskulestyret ta omsyn til folk som har aktuelle instrument privat, som t.d. synthesizer. Desse vil nok gå foran på venteklista. Musikkskulen har no kjøpt elektrisk gitar og elektrisk bass. Det er enno litt usikkert med lærar her, men eg reknar med at dette er i orden til hausten.

Det er 10% stigning på elevpengane, og desse ser no slik ut:

(Eg gjer oppmerksom på at "gruppe på 2 elevar" vanlegvis betyr at 1 elev får ½ time undervisning kvar veke.)

Dette er prisar pr. semester

Gruppe på 2 elevar	1 t.	750,-
Gruppe på 3 elevar	1 t.	630,-
Gruppe på 4 elevar	1 t.	530,-
Gruppe på 5 elevar	1 t.	400,-
Gruppe på 6-7 elev.	1 t.	250,-
Gruppe på 8-9 elev.	1 t.	180,-
Gruppe på 10 elev.	1 t.	125,-
Gruppe på 10 elev.	1,5 t.	240,-
Gruppe på 6-7 elev.	2 t.	500,-
Gruppe på 8-9 elev.	2 t.	355,-
Gruppe på 10 elev.	2 t.	250,-

"Gruppene på 10 elevar" gjeld også for dei gruppene som tel meir enn 10. Det kostar altså 250,- pr. semester for å syngje i kor frå hausten av.

DET ER FORTSATT 30% SYSKENRABATT PÅ DEN DYRASTE AKTIVITETEN.

Elevar t.o.m. 3.klasse får altså undervisning i gruppe på 3 - eller enkeltvis 15 min. kvar veke.

Elevar t.o.m. 4.klasse får altså undervisning i gruppe på 2 - eller enkeltvis 22½ min. kvar veke.

Skulen er stadig i vekst. Tilbodet har aldri vore større. Det er også i år satt eit rammetimetal i musikkskulen, OG INGEN KAN FØLE SEG SIKRE PÅ AT DEI FÅR ELEVPLASS. (Dette gjeld ikkje kora, aspirantunderv. og leikarringane.)

Folk som melder seg på fleire aktivitetar - må kanskje rekne med å måtte kutte ut noko. Ein må også rekne med ventelister - derfor: VER RASKT UTE - DET KJEM TIL Å LØNE SEG!


Folk som no går i t.d. barnekoret eller blandakoret, SKAL også melde seg på dette skjemaet.

PÅMELDINGANE ER BINDANDE - DÅ TIMEPLANANE TIL LÆRARANE VERT LAGDE ETTER DEI.

Innbetalingane skjer pr. semester, og underteiknande minner igjen om at det ikkje er noko aldersgrense i musikkskulen.

HUGS: DEN SKAL TIDLEG KRØKJAST SOM GOD KROK SKAL BLI!

Musikalsk helsing



- rektor -

PÅMELDING TIL MUSIKKSKULEN - 88/89.

	1.	2.	3.	4.
PIANO				
EL.-ORGEL				
TVERRFLØYTE				
GITAR				
MESSINGBL. UNDERV.				
ASPIRANTUNDERV.				
TROMMEUNDERV.				
POP-GRUPPE				
BARNEKOR				
BLANDAKOR				
SOLOSANG				
LEIKARRING, BARN				
LEIKARRING, UNGD./V.				

NAMN: 1. _____
2. _____
3. _____
4. _____

(Alle familiemedl. som ynskjer plass skal skriva seg opp, 1, 2, 3, 4, - og de set då kryss i den aktuelle ruta bak dei ulike aktivitetane.)

f.o.m. 2.kl. - t.o.m. 7.kl.

f.o.m. 8.kl.


f.o.m. 1.kl. - t.o.m. 6.kl.

f.o.m. 7.kl.

KLIPP
UT

DETTE ARKET MÅ LEVERAST TIL MEG INNAN MANDAG 16 MAI!

9



OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

TLF: 748500

* LESETIPS FOR MAI:


- * Kristensen, Monica:
Mot 90° syd. 1987.
- * Næss, Arne:
Drømmen om Everest. 1987.
- * Reeman, Douglas:
Dristig oppdrag. 1987.
- * Walle, Bjarne:
Huldra fra Gåråfjell. 1987.
- * Engstad, Paul:
Statsmann i storm og stille.
Trygve Bratteli, 1965-1984. 1987.

NYE

bøker for barn:

- * Guinness Rekordbok 1988.
- * Hanssen, Björn- Erik:
Prinsen av Fogo. 1987.
- * Nordquist, Sven:
Fisketuren. 1988.
- * Br. Grimm:
Mor Hulda. 1987.
- * Bingham, Mindy:
Minou - alene i Paris. 1987.
- * Cooper, Susan:
Lysets ridder.
Andre bok i serien "Mørket kommer"
- * Newth, Philip:
Vooosj! Matildas bok. 1987.

**KJÆRT BARN
HAR
MANGE BØKER**



REVY OG DANS

LAURDAG, 14.MAI

Laurdag den 14.mai kan boknarane gå på revy. Det er Egersundsgruppa Show-Chow som kjem til Bokn med "Rogalandsrevyen".

Show-Chow har ein folkeleg humor som har mykje til felles med det som etter kvart har blitt ein eigen Rogaland stil, representert ved grupper som Løgnaslaget, Tre Busseruls og Vestlandsfanden.

Revyen i Bokn er ein av mange som del av ein turné i fylket. Dei skal visa ein revy med gamalt og nytt, moro og seriøst i lett blanding.

Show Chow

EN LATTERLIG GRUPPE

Revyen varer i ein god time, og startar laurdag 14.mai kl.20.00.

Etter revyen arrangerer Bokn skyttarlag Dans. Musikk: Zero - som spelar variert dansemusikk.

Inngangspengar til dans: kr.75,-.



TIL TIDLEGARE MED- LEMMER I BOKN BRASS

Ein vil be om at tidlegare medlemmer av Bokn Brass ser etter om dei har hattar, T-skjorter eller andre effekter som høyrer korpset til og leverer det til

Linda.

Notar og rekvisita til instrument kan leverast på skulen til Svein eller Grete.

ORIENTERING FRA HELSETJENESTEN I BOKN

Sykepleiesjefene i Nord-Rogaland, sosialkurator og oversykepleierne for medisinsk og kirurgisk avdeling ved Fylkessykehuset i Haugesund har nylig vært på besøk i Bokn. Dette er et forum hvor man utveksler ideer og erfaringer fra helsesektoren, og de har møttes med jevne mellomrom i flere år. Else Nilssen har vært med på disse møtene, og denne gang var Bokn vertskommune.

De besøkende fikk et innblikk i hvordan personalet i helsesektoren i Bokn arbeider, med sjukestova som base. Vår modell er nokså unik, og ble av teamet betegnet som et lite Hudiksvall-prosjekt, -med andre ord: De var ganske imponert over måten vi har fått det til å fungere på.

Forsand, Utsira og Kvitsøy kommuner har vist interesse for vår måte å drive sjukestova/åpen omsorg på, og vil gjerne komme på besøk for å orientere seg.

I tillegg har NRK avd. Rogaland sagt seg interessert i å lage en reportasje om funksjonen av helsetjenesten i Bokn.

Kanskje det ikke er klart for alle Boknere hva personalet ved sjukestova/åpen omsorg betjener. Derfor en orientering:

-Selve driften av sjukestova: Baseres på tanken om hjelp til selvhjelp. De pasienter som kan fungere hjemme skal ikke fratras retten til et selvstendig liv. Ved lengre opphold i sykehjem har eldre mennesker lett for å bli passive, de "glemmer" å fungere som selvstendige mennesker.

-Åpen omsorg: De pasientene som kan fungere heime gis tilbud om hjemmesykepleie, hjemmehjelp, familiehjelp eller omsorgstjeneste. En del av disse pasientene kommer også på sjukestova for å bade. Samtidig med et godt bad, har de anledning til å kjøpe middag.

-Hjemmehjelp/husmorvikar: Brukes i vesentlig grad til foran nevnte pasientgrupper, men også til andre som trenger hjelp med husarbeidet. Ved ledig kapasitet benyttes dette personalet ved sjukestova.

-Førstelinjetjeneste: I og med at det ikke er legevakt i Bokn, dekker vaktordningen ved sjukestova førstelinjetjenesten. D.v.s. den første kontakten befolkningen har med helsevesenet ved sykdom eller skade, øyeblikkelig hjelp, innleggelse ved sykehus eller lign.

-Sjukestova fungerer som en liten poliklinikk, hvor man behandler småskader, skifter på sår, foretar faste blodtrykkskontroller, øreskyl-linger, etc.

-Jordmortjeneste som tidligere

-Trygghetsalarmer. Som kjent har Bokn san. forening kjøpt inn 5 trygghetsalarmer. Sentralen for disse er plassert i sjukestova, og alarm-systemet har allerede vist seg å være til god hjelp, da personalet ved sjukestova kan rykke ut raskt.

-Tilsynsbesøk: En del eldre i vår kommune trenger hverken sykehjemsopphold eller hjemmesykepleie. Disse får jevnlig besøk av sykepleier, om dette er ønskelig.

Betjeningen ved sjukestova/åpen omsorg består av:

4 1/4	sykepleierstilling
2	hjelpepleierstillinger
1	kokkestilling

1 nattevaksstilling
1 husmorvikarstilling
1 hjemmehjelpsstilling

Mange er ansatt i halve stillinger, men totalt er det 10½ stilling som betjener den totale helsetjenesten i Bokn, hjemmehjelpere og husmorvikar medregnet.

Arbeidet ved sjukestova omfatter foruten vanlig pleie og stell også gulvvask, klesvask, tøyrudding, tøyreperasjon, etc., som man ved andre institusjoner har ansatt egen betjening til.

Intensjonen for driften av sjukestova var bl.a. at den ikke skulle fylles opp med faste pasienter som kan fungere heime. Vi tilbyr korttidsopphold (helg, 1 - 4 uker) til hjelp for både pasient og pårørende. På denne måten vil flere få nytte og glede av sjukestova. Det er betryggende for eldre mennesker å vite at de alltid får plass ved sjukestova om behovet er der.

Betjeningen ved sjukestova/åpen omsorg.

TANNKLINIKKEN I BOKN.

Nye voksne pasienter mottas.

Ungdomspasienter - husk å bestille time i sommerferien!

OBS! Nytt telefonnr. 74 85 00. OBS!

HELSESTASJONEN

Det vert stengt desse mandagane:
30/5, 6/6, 13/6.

I staden åpent fredag 3/6 og fredag 10/6, begge dagar frå kl.9-12.

Marie

KRITIKK MOT FORMANNSKAPET. FEIL INFORMASJON.

Ein viser til det som sto på side 3 i Bokn Bygdablad nr.3 1988 under overskrifta "Kritikk mot formannskapet".

Sigurd Johnny Svendsen har gjort bygdebladet merksam på at det han uttala i kommunestyret var fylgjande (sitat):

"Formannskapet handsamar for ofte saker som burde gått til kommunestyre, også saker med påstått heimel i kommunelova sin § 22."

AURORA a.s
kiosk-video

Vi har fått inn
nytt til 17.mai:

ØREPYNT, HARSLØYFER, FLAGG,
FLØYTER, SLØYFER og 17.MAI-
ROSETTER.

AURORA vil ha åpent mens
kapproingen pågår 17.mai.

PLANTEBYTTEDAG

Bokn Hagelag arrangerer plante-
byttedag på Bokn skule, fredag den
20.mai, kl.16.00.

Sal av sommarblomar.

Trond Tveit kjem med plantebil
(plantekatalog vil bli sendt til
medlemmane).

Sal av kaffi, vafler og saft.

ALLE VELKOMNE!

1. MAI ARRANGEMENT PÅ BOKN.

Det vert laga til 1.mai feiring på
Bokn Skule søndag kl.14.00.

Appell ved Arne Langhelle.
Tale for dagen ved Torill Kalstø
Storø.

Leikar for barna, kaffi og matsal.

Ta heile familien med og legg søn-
dagsturen innom musikkrommet på
Bokn Skule på søndag.

Arr. Bokn Arbeidarparti

LEGESITUASJONEN

P.g.a. stor pågang hos legane vil
ein førebels utsetja ein del be-
driftshelsekontrollar. Når situa-
sjonen har betra seg, vil ein ta
dette opp att som tidlegare.

BOKN KOMMUNE SITT SKATTEREKNESKAP FOR 2. HALVÅR 1987.

Kommunekasseraren har lagt fram
skatterekneskapen for 2.halvår
1987 til godkjenning.

Distriktsrevisjonen tilrår rekne-
skapen godkjent med dei merknader
som ligg føre.

Kommunen sin andel av skatteinn-
tekten for 2.halvår 1987 fordelte
seg slik:

	1986	1987
Juli	303.276	400.925
August	178.938	0
September	481.362	754.973
Oktober	142.048	309.716
November	602.290	650.312
Desember	218.037	105.272
	<u>1.925.951</u>	<u>2.221.198</u>

Skatteinn-
gangen
heile året 3.647.278 4.062.307

Skatteinngangen for 1987 er kr.
415.029,- eller 11,4% høgare enn
skatteinngangen for 1986. Budsjet-
tert skatteanslag for 1987 etter
budsjettdring var på kr.3.900.000.

Bokn kommunestyre godkjente 1.03.88
skatterekneskapen for 2.halvår 1987
slik den låg føre.

*Soli segjer det sælt til blomen,
og fossen ropar det himmelhøgt:
No er våren med velde komen
og sorg med gufsande glede sløkt!*

Olav Aukrust

LEDIG STILLING

BOKN SJUKESTOVE
Sjukepleiar (natt)



LEDIG VIKARIAT I BOKN BARNEHAGE

Ved Bokn sjukestove er det frå 01.09.88 ledig halv stilling for sjukepleiar (natt) i ltr. 16 - 20.

I turnusplanen er det lagt inn vakt kvar 3. helg.

Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar, kan hjelpepleiar eller anna personale med utdanning/praksis frå liknande arbeid søkja. Tilsetjinga vil då gjelda for 1 år.

Det vert lagt stor vekt på fleksibilitet i arbeidet og evne til samarbeid.

Arbeidstakarane vert tilsette i kommunen på dei vilkår som til ei kvar tid går fram av gjeldande lov, reglement og tariffavtalar, og må godta evt. seinare endringar i arbeidsområdet. Dei fleste kommunale stillingar er omfatta av pensjonsordning med 2% trekk. Den som vert tilsett må leggja fram tilfredsstillande helseattest av ny dato.

Opplysning om stillinga, vaktordning o.l. får ein ved å venda seg til Bokn sjukestove eller Bokn sosialkontor tlf. 04-748500.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, administrasjonsutvalet, 4290 Føresvik.

Søknadsfrist: 23.mai 1988.

Frå 27.mai til og med 17.juni er det ledig stilling i Bokn barnehage. Stillinga er mest knytta til arbeid med funksjonshemma born, og arbeidstida er torsdag frå kl. 12.00 til 14.30 og mandag og tirsdag frå kl. 08.30 til 14.30.

Nærare opplysningar:

Bokn barnehage, tlf. 74 85 40.

Bokn skulekontor, tlf. 74 85 00.

Søknad kan sendast Bokn skulekontor innan 10.mai 1988.

Skulesjefen

BYGDEBOKNEMNDA LAGAR HEFTE OM UT- VANDRINGA TIL AMERIKA.

Bokn bygdeboknemnd driv for tida med registrering av bilder.

Elles har bygdeboknemnda planar om å laga eit hefte for salg til neste jul (1989). Dette hefte skal om utvandringa frå Bokn til Amerika, kva utvandrarane reiste frå, og kva dei kom til.

Ein vil tru at dette kan bli eit interessant hefte for boknarar, då svært mange har familie i Amerika.

Bygdeboknemnda er interessert i å få opplysningar frå utvandringstida, det kan dreia seg om brev o.l. Ein kan venda seg til sosialkontoret med opplysningar om emnet.

HJELP - JEG SKAL HA EKSAMEN OG TRENGER DERFOR NOE MER TRENING.

BENYTT SJANSEN - NÅ ER DET !/2
PRIS PÅ:

ansiktsbehandling, kroppsmassasje,
avstressende massasje, lymfedrena-
sje, manikyr, make-up.

Lurer du på noe - ta kontakt med
May Elisabeth på telefon 74 83 24.

ARRANGEMENT

29.april: Pensjonistforeningen.

1.mai: Bokn AP arrangement
kl.13.00-16.00.

6.mai: Bingo.
Arr.:Skulekorpset.

14.mai: Revy og dans.
Arr.:Kulturstyret/
skyttarlag.

20.mai: Plantebyttedag,kl.16.00.
Arr.:Bokn Hagelag.

27.mai: Pensjonistforeningen.

28.mai: Den indre sjømannsmi-
sjonen - Kretsmøte.

Diskoteket: 7.mai

28.mai

KYRKJEBYGD SØNDAGSSKULE

har vanlig møte søndag 8.mai og
søndag 15.mai kl.10.00.

Målfrid.

FOTPLEIE

Det blir fotpleie mandag den 9.mai.
Påmelding til sosialkontoret.

Sparebankenes Personkort



Alt du trenger

